
Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: onsdag 9. oktober 2019 11.30
Til: Postmottak Meland
Emne: VS: Veirett (plan og byggsak)

Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: 9. oktober 2019 11:25
Til: Stian Namtvedt Korneliussen
Emne: SV: Veirett (plan og byggsak)

Hei

Viser til ditt spørsmål om vegrett.


Eigedomsgrensene til din eigedom (tomt nr 142) vart oppretta på ein måte som ikkje var i samsvar med teikna reguleringsplan. Opprinneleg (etter plangrunnlaget) skulle også denne tomta grensa mot kommunal veg.

Eg har leita i gjennom dei gamle delingssakene og i byggesakene og kan dessverre ikkje finna noko dokumentasjon på kvifor denne tomta vart etablert med avvikande grenser i høve reguleringsplanen eller noko dokument som omhandlar vegrett over annan tomt. Eg har også lest skøytet for desse tomtane utan at temaet tilkomsveg har kome opp.

Opprinneleg plankart var slik:




Kart frå byggesaka for 23/325 (1981), som viser vegtilkomst til tomt 142. Det står i søknadsskjemaet at tomta har adkomst til kommunal veg og tilkomst er farga gult.



Kart i byggesak for 23/330 (1982) Her er også tilkomstveg til begge tomtane farga gult.



Kart som viser korleis grensene var etablert i 2013- og slik dei også er i dag.



Slik eg ser det er det ikkje noko tvil om at godkjent tilkomst for dykkar tomt skal gå over eigedommen 23/330, men at dette ikkje ser ut til å ha vore gjort formell avtale om, eller at denne vegretten er tinglyst som hefte på nabo eigedommen 23/330.

Byggeløyva på begge tomtane viser at det er denne tilkomsten som er godkjent og som også har vore etablert bruk sidan tidleg 80-tal.

For å gjera vegretten heilt klar vert det oppmoda om at de får tinglyst denne vegretten som eit hefte på gbnr 23/330.

Dette må sjåast på som ei forgløyming frå dei som solgte eigedommane ein gong i tida, men som kanskje også kan forklarast med at oppmålinga av eigedommane ikkje vart utført slik planen la opp til.

Kven som hadde ansvaret for dette avviket kan eg dessverre ikkje finna noko dokumentasjon på!

Håper dette var til hjelp.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Fra: Stian Namtvedt Korneliussen
Sendt: 9. oktober 2019 08:02
Til: Postmottak Meland
Emne: Veirett (plan og byggsak)

Hei

Har ett spørsmål angående veirett
Vi har en eiendom der nabo hevder vi ikke har veirett.
Kunne dere sett om det stemmer.
Galtenesvegen 98

Har sett noen gamle planskisser som viser andre tomtegrenser men det viktige er jo att vi kan kjøre inn til huset.

Nabo bor i galtenesvegen 96

Stian Korneliussen
Maler drift og vedlikehold
408 03 786
stian.namtvedt.korneliussen@lindas.kommune.no

